



Sakshandsamar: Dagny K. U. Alvik  
Telefon: 57 64 31 42  
E-post dagny.alvik@fylkesmannen.no

Vår dato  
22.04.2016

Vår referanse  
2010/15606  
Rapportnummer  
2016.040.I.FMSF

Førde lufthamn  
Avinor AS  
Pb 150  
2061 Gardermoen

## Tilsyn ved Førde lufthamn - krav om retting av avvik – vedtak om gebyr

Rapporten omhandlar funn som kontrolløren kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter, *merknader* om forbetningspunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også vedtak om kontrollgebyr.

Tilstades under kontrollen Frå verksemda: Kjell Otto Gjesdal, Cristopher Garmann og Arild Borlaug	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: Grete Haugan, Toril Mullen og Dagny K. U. Alvik
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Risikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input checked="" type="checkbox"/> Forskriftskrav <input type="checkbox"/> Anna:	<input checked="" type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input checked="" type="checkbox"/> Sikkerhetsdatablad <input checked="" type="checkbox"/> Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: <input type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon <input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon <input type="checkbox"/> Kontrollaksjon <input type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før) <input type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	<input type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input checked="" type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll <input type="checkbox"/> Kartlegging <input type="checkbox"/> Anna:

### Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **1 avvik** frå ureiningsregelverket og gjeve **2 merknader**. Melding om retting av avvik må vere send til Fylkesmannen innan 01.06.2016.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker etter at rapporten er motteken. Varsla kontrollgebyr vert då send frå Miljødirektoratet for innbetaling til staten.

Vi vil nytte høvet til å takke for ein god gjennomgang hjå verksemda.

Med helsing

Grete Haugan  
senioringeniør

Dagny Alvik  
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift*

**1. Informasjon om verksemda:**

Stad (namn på anlegg): <b>Førde lufthamn</b>	Verksemdnr.: <b>974 719 878</b>
Ansvarleg verksemd: <b>Avinor AS</b>	Eigd av: <b>985 198 292</b>
Kontaktperson: <b>Kjell Otto Gjesdal</b>	Kontrolldato: <b>12.04.2016</b>
<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert	Løyvedato og internt nr.: <b>11.03.2014</b>
Risikoklasse: <b>3</b>	Gebyrsats etter § 39-6 i ureiningsforskrifta (jf. utsleppsløyvet): <b>12 500</b>

**2. Om kontroll frå ureiningstilsynet**

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske), ved intervju av leiing og sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis.

Rapporten inneheld omtale av avvik og merknader innan dei granska områda av ureiningsregelverket der Fylkesmannen har tilsynsansvar. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og setje i verk nødvendige tiltak.

Definisjonar

<b>Avvik</b>	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)
<b>Merknad</b>	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Vi gjer merksam på at ein kan finne oversikt over miljøloverket på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) eller vist til frå [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no). Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta.

**3. Oppfølging etter kontrollen**

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom merknadene og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgivingane. Merknader kan gi grunnlag for pålegg.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan **01.06.16** eller dato/ar for planar for gjennomføring. Innan same dato ber vi om at verksemda gjer greie for sine vurderingar og eventuelle utbetringar i tilknytning til våre merknader. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto. Dersom de meiner at det ikkje let seg gjere å rette opp avvika innan den nemnde datoen, må de skriftleg gjere greie for årsaka *før* fristen for attendemelding.

**4. Gebyr for kontroll med verksemd med utsleppsløyve**

Vi viser til omtalen under kontrollen, og vedtak om utsleppsløyve datert 11.03.2014. Plasseringa av verksemda i risikoklasse 3 vil seie at verksemda etter gjeldande sats i § 39-6 i ureiningsforskrifta skal betale eit gebyr på kr. 12 500,- til staten for den gjennomførte kontrollen. Miljødirektoratet vil seinare sende ut faktura for innbetaling til statskassa.

## 5. Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

## 6. Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

---

### Avvik 1 Lufthamna har manglar i internkontrollen

**Avvik frå:** Internkontrollforskrifta 2. ledd § 5 og § 6, og utsleppsløyvet datert 11.03.2014

#### Kommentarar:

#### Risikovurdering

Lufthamna har enno ikkje gjennomført ei oppdatert risikovurdering av kva som kan gje miljøpåverknad frå flyplassdrifta. Dette vart også påpeikt ved førre tilsyn der vi understreka behovet for å risikovurdere avisingsplattforma og oppsamling av glykolureina vatn. I tillegg må de no også risikovurdere oppsamlinga av glykolureina snø. I dykkar brev datert 29.04.15 gav de melding om at risikovurderinga skulle gjerast innan 30.06.2015. Det er nødvendig å gjennomføre ei risikovurdering i eit slikt prosjekt for å kunne fange opp alle problemstillingar og gradere risiko, og Fylkesmannen ser alvorleg på at dette enno ikkje er gjennomført.

Ein føresetnad i utsleppsløyvet er at mest mogleg glykol vert samla opp. I rapporten frå miljøovervakinga er det føreslege revidering av miljøovervakingssystemet. Det står mellom anna at vatnet frå tanken kan sleppast ut i resipient ved flyplassen dersom analysane viser KOF-innhald lågare enn 500 mg/l. Dette er eit døme på forhold som bør risikovurderast.

Som følgje av risikovurderinga må det lagast ein handlingsplan med evt tiltak, tidsfrist og ansvarleg for gjennomføring.

#### Skriftelege rutinar

Ei naturleg følgje av ei risikovurdering er at ein mellom anna må endre eller lage nye rutinar. Det kom fram under tilsynet at det er endra praksis ved oppsamling av glykolureina snø, men den skriftelege rutinen er ikkje oppdatert.

Det bør også vere ei skrifteleg rutine på prøvetaking av resipient som beskriv korleis prøvane skal takast og handterast fram til analyse.

#### Avviksmeldingar

Det har vore meldt inn få avvik på ytre miljø, og berre eit i samband med uttesting av ny metode for oppsamling av glykol. Aktiv bruk av avviksmeldingar ville ha vore eit nyttig verktøy i risikovurderinga og evalueringa av prøveprosjektet.

#### Samordning

Avinor bør gjere ei risikovurdering på om det er behov for avtale om samordning med Widerøe av andre aktivitetar enn flyavisinga. Avinor er grunneigar, og kan ha eit ansvar ved evt ureining i grunnen. Avinor har også eit ansvar for eventuelle utslepp ut frå lufthamna. Døme på forhold som vil vere naturleg at Avinor får opplysningar om er risikovurderingar ved lagring av petroleumprodukt og kjemikalier, og dokumentasjon på at oljeutskiljar fungerer som tenkt.

## 7. Merknader

Følgjande tilhøve ga grunn til merknadar under kontrollen:

---

### **Merknad 1** Årleg levering av farleg avfall

#### **Kommentarar:**

Det er eit krav at farleg avfall skal leverast årleg dersom mengda overstig 1 kg. I fjor var det ikkje levering av alle fraksjonar pga sjukmelding av sentral tilsett. Manglande innlevering vart påpeikt i tilbakemeldinga på eigenrapporteringa, og lufthamna har no gjort endringar som sikrar at det farlege avfallet vert levert minimum ein gong i året.

---

### **Merknad 2** Oljeutskiljar

#### **Kommentarar:**

Vassprøvar frå oljeutskiljaren viste for høge verdiar i fjor. Oljeutskiljaren dykkar har ein grenseverdi på 20 mg/l i utsleppsløyvet. Dette vart også kommentert i tilbakemeldinga på eigenrapporteringa. I tilsynet opplyste de om at de no vil tømme oljeutskiljaren oftare.

## 8. Andre forhold

### **Evaluering av prosjektet med oppsamling og dumping av glykolhaldig snø**

Lufthamna har fått ein tidsavgrensa dispensasjon frå nokre krav i utsleppsløyvet vintersesongen 2015/2016. Det er eit krav i dispensasjonen at det skal gjerast ei løpande vurdering i løpet av vinteren, og at det etter avslutta avisingssesong skal gjerast ei evaluering av prosjektet. I rapporten er det viktig å vurdere eventuelle effektar ein ser gjennom miljøovervakinga rundt flyplassen og i Dalsfjorden.

Denne vintersesongen har vore vesentleg mindre snørik enn i fjor. I samband med evalueringa må lufthamna vurdere om det er behov for å søke om ytterlegare prøvetid på dette prosjektet. Det er samtidig viktig at lufthamna gjer seg nokre tankar om ei eventuell langsiktig løysing. Frist for evalueringsrapport er 01.06.2016.

Kopi: Gaular kommune